



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Rili Eiendom AS  
Rossnesvegen 71  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/154 - 15/1119

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
29.01.2015

## Landbrukssak Gbnr 243 - søknad om konsesjon - svar

Landbrukssak Gnr/bnr 24/3 - søknad om konsesjon  
Delegasjonssak nr.: 073/2015

Rili Eiendom AS søker konsesjon for gnr/bnr 24/3 i Radøy kommune.  
Landbrukseigedommen er på 102,9 daa totalt, der 5,4 daa er fulldyrka, 1,3 daa er overflatedyrka, 2,7 daa er innmarsbeite, 27,9 daa skog av særst høg bonitet, resten er skog av ymis bonitet, myr, jorddekt fastmark og anna areal. Avtala kjøpesum for landbrukseigedommen er 2 300 000 kr.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, LOV 2003-11-28 nr 98. Det skal leggjast særleg vekt på fem punkt ved handsaming av konsesjon, jf § 9.

Om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling  
Landbrukseigedommen har mindre enn 25 daa fulldyrka og/eller overflatedyrka areal. Det er heller ikkje meir enn 500 daa produktiv skog på landbrukseigedommen. Då er det ikkje priskontroll på landbrukseigedommen ved eigedomsoverdraging. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar sitt formål vil ivareta omsynet til busetjinga i området  
Søklarane oppgir i søknaden om konsesjon at våningshuset blir brukt som bustad idag. Det er ikkje buplikt på landbrukseigedommen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet er ei driftsmessig god løysing  
Søklar er i prosess med omregulering til næringsføremål på deler av denne eigedommen ved GT-lakk. Landbrukseigedommen har lite dyrka mark. Rådmannen finn at ervervet er ei tilstrekkeleg driftsmessig god løysing. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar er skikka til å drive eigedommen  
Rådmannen har ikkje informasjon som skulle tilseie noko anna enn at søklar er skikka til å drive eigedommen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Rådmannen har ikkje informasjon som skulle tilseie noko anna enn at søkjar er like skikka som førre eigar til å ivareta omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet. Konesjon kan gjevast etter dette punktet.

**Vedtak:**

Med heimel i konesjonslova §9 gjev Radøy kommune søkjar Rili Eiendom AS konesjon for kjøp av landbrukseigedommen gnr/bnr 24/3 i Radøy kommune.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b. Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt leiar Felles landbrukskontor Toril Marie Mulen. Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.*

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Rili Eiendom AS

Rossnesvegen 71 5937

BØVÅGEN